



«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Kontakt saksbehandlar

Kristian Wilén Haaland, 51568796

## Melding om oppstart verneprosess etter naturmangfoldloven på Avaldsnes i Karmøy kommune

Statsforvaltaren i Rogaland vil med dette informere deg som grunneigar/rettshavar at vi startar opp verneprosess etter naturmangfoldlova for område på Avaldsnes, i Karmøy kommune.

### Bakgrunn

Oppstart av vernearbeidet har bakgrunn i St.meld. 14 (2015-2016) Natur for livet, om bevaring av verdifull natur i Noreg. Arbeidet tar sikte på å dekke opp manglar ved eksisterande verneområde for trua landskap, naturtypar og artar. Tilsvarende verneprosessar skal skje i ei rekke område over heile landet.

Miljødirektoratet, etter oppdrag frå Klima- og miljødepartementet, har gjennomført ei omfattande nasjonal analyse av desse manglane ved eksisterande vern. Etter innspel frå Statsforvaltaren har mellom anna Avaldsnes blitt prioritert for vurdering av varig vern etter naturmangfoldlova. I brev av 10.06. 2021 frå Miljødirektoratet fekk Statsforvaltaren i Rogaland i oppdrag å starte arbeidet med vern.

### Avaldsnes

Det aktuelle området er avgrensa til poll-, strandeng- og gruntvass-område omkring Forøya, like sør for kongsgarden på Avaldsnes (sjå vedlagd kartutsnitt). Slike marine gruntvannsområde har stor artsriksdom og er ikkje tilstrekkeleg dekkja av vern i fylket frå før. På Forøya finnes naturbeitemark, som er ein trua naturtype. Området har eit rikt fugleliv og er ein viktig lokalitet for en mengd sjøfugl. Området grenser til Tedneholmen naturreservat i sør, som også er ein viktig raste- og overvintringsplass for sjøfugl. Eit naturreservat på Avaldsnes vil sikra god økologisk og landskapsmessig samanheng.

Delar av området i nord inngår i verna kulturmiljø på Avaldsnes, med Olavskyrja og kongsgarden, Nordvegen Historiesenter, med vikinggarden på Bukkøy. Området har høg opplevingsverdi og er eit viktig friluftsområde, mykje brukt av lokalbefolkning og tilreisande. Målsettinga med eit eventuelt vern er å best mogleg ta vare på dei store natur- og kulturverdiane for ettertida, samstundes som dagens bruk i hovudsak kan halde fram utan å skade verdiane på kort og lang sikt.



## **Lovverk og prosess for vern etter naturmangfaldlova**

Planlagt vern for Avaldsnes blei offentleg kunngjort i Haugesunds avis, 26. juni 2021. Prosessen med vern vil vidare følgje naturmangfaldlova §§ 41 – 43, og i samsvar med forvaltningslova sine sakshandsamingsreglar kap. IV – VI, og §§ 37. Eit vedtak om vern er etter desse reglane eit enkeltvedtak.

Naturmangfaldlova §§ 41 – 43 har omfattande krav til mellom anna tidleg informasjon til aktuelle grunneigarar, organisasjonar og offentlege instansar. Forvaltningslova § 17 krev også plikt til greie ut konsekvensane ved eit vern.

Likeså må kunnskapsgrunnlaget vere best mogleg, jf. naturmangfaldlova § 8. For deg som grunneigar/rettshavar inneber dette at vi gjennom heile prosessen vil vere opne for foreløpige synspunkt og spørsmål om vernesaka og framdriftsplan for arbeidet.

Naturreservat har som formål å verne område som inneheld trua, sjeldan eller sårbar natur eller på annan måte har særleg betydning for biologisk mangfald. Det kan også være område med spesielle geologiske førekomstar eller som har særskilt naturvitskapeleg verdi. Ein framtidig verneforskrift vil mellom anna regulere tiltak som vesentleg kan endra verneverdiane gitt i verneformålet.

Verneforma naturreservat inneber eit etter måten strengt vern, men pågåande aktivitet og bruk kan normalt fortsette og utviklast innafor rammene av verneføremålet. På Avaldsnes vil dette kunne omfatte til dømes forsiktig tilrettelegging for friluftsliv og beiteskjøtsel av kulturbetinga naturtypar, som naturbeitemark. Vernet vil gjennom forskrift innebere konkrete råderettsinnskrenkingar for grunneigarar/rettshavarar, næringsinteresser og befolkning elles. Grunneigarar/rettshavarar vil behalde grunneigarretten til eigedom.

Generelt sett vil eit vernearbeid etter naturmangfaldlova ta sikte på å unngå vern av mellom anna dyrka mark og private driftsbygningar, bustad- og hyttefelt, og viktige eksisterande næringsområde og infrastruktur.

Når det etter kvart er utarbeida eit framlegg til kunnskapsgrunnlag, vernegrenser og vernereglar vil dette bli sendt ut på lokal og sentral høyring til deg og andre aktuelle partar, der vi ber om skriftlege uttalar på framlegget. I samband med høyringa vil vi også legge til rette for møte og synfaringar for dei som måtte ønske det.

Vedlagt kart er særst grovt og inneber ingen vernegrenser, men derimot undersøkingsområde for dei vidare kartleggingar som nå skal gjerast. Førebels er naturreservat etter naturmangfaldlova § 37 den mest aktuelle verneforma.

Hausten 2021 og våren 2022 vil vi synfare det aktuelle verneområdet grundig for å innhente mest mogleg kunnskap om både verneverdiar, bruksinteresser og eventuelle konfliktar med vern. Lokal kunnskap både frå deg som grunneigar/rettshavar, og frå kommune, organisasjonar og andre, vil vere ein viktig del av dette.

Vi har hatt orienteringsmøte med kommunen om Avaldsnes og tilsvarende vernearbeid langs vestkysten av Karmøy. Vi tar vi sikte på å etablere ei rådgjevings-gruppe for det samla arbeidet, med deltakarar frå kommune, fylkeskommune, grunneigarar, grunneigarorganisasjonar, og interessegrupper.



### Vidare formell prosess:

- Etter grundigere avklaring av verneverdiar, moglege vernegrenser og eventuelle brukskonflikter, vil det bli avgjort om det skal utarbeidast framlegg til vernegrenser og verneføreskrifter.
- Statsforvaltaren utarbeider så verneforslag med utkast til vernekategori, avgrensing og verneforskrift ut frå formålet med vernet. Dette skal kvalitetssikrast av Miljødirektoratet, før det blir sendt ut på lokal og sentral høyring til alle aktuelle partar. Statsforvaltaren vil samanfatte alle uttalar i høve, gjere naudsynte endringar av framlegget, og sende ei fagleg tilråding til Miljødirektoratet.
- Miljødirektoratet vurderer Statsforvaltaren si tilråding og utarbeider innstilling til Klima- og miljødepartementet med framlegg til verneforskrifter og avgrensing.
- Klima- og miljødepartementet samordnar saka med aktuelle departement og førebur saka for behandling i regjeringa.
- Vernevedtak av Kongen i statsråd gjennom kongeleg resolusjon

Spørsmål til vernesaka kan rettast til Kristian Wilén Haaland, epost: [krwha@statsforvalteren.no](mailto:krwha@statsforvalteren.no) eller Per Kristian Austbø, epost: [fmropka@statsforvalteren.no](mailto:fmropka@statsforvalteren.no) ;

Med helsing

Per Kristian Austbø  
ass. fylkesmiljøvernssjef

Kristian Wilén Haaland  
rådgiver naturforvaltning

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Vedlegg

1 Avaldsnes\_undersøkningsområde